

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
FYLKESRÅDMANNEN

Bergsøy Idrettslag
v/Per Johs. Hjelmseth

6092 EGGESBØNES

SENTRALBORD 072-54 1111

FYLKESHUSET,
6400 MOLDE

DYKKAR REF.:

VAR REF.: 3154/77/611 IM/AMdato 03.01.1978

VEDK FERDIGGERING/UTBYGGING AV BERGSØY STADION

Viser til gjenpart av brev av 5.12.77 og brev av 6.12.77. Eg går ut frå at dette gjeld anlegg nr. 6318 som frå 1967 - 74 har fått kr 200.000,- i tilskott frå tippemidlane. Elgar er Herøy kommune.


Då tilskottet etter mine dokument er utbetalt, er det gjeve ferdigerklæring av Kontrollkomiteen som då var ungdoms- og idrettsutvalet. Ferdigerklæringa skal gå på at anlegget er utbygd etter godkjente teikningar av STUI. Desse skal innehalde type av toppdekkje på løpebanane og også høgde på banane i høve til grasmatta. Om det er sarg mellom løpebanane og grasmatta, skal dette gå fram av teikningane.

Etter breva å døme har ein lagt på toppdekkje utan/med for lite bindestoff og i tillegg ikkje fulgt teikningane når det gjeld høgdeforskjell. Dette er i tilfelle Ungdoms- og Idrettsutvalet sitt ansvar. Eg gjer merksam på at Kontrollkomite no er Kulturstyret. Til tekniske vurderingar må ofte slike styre/utval nytte rådgjevande organ som til dømes teknisk etat.

Etter kva eg forstår er toppdekkjet av fin nok gradering, men at det er for laust. Ein kan då sette til bindestoff i form av knust, tørka leire, matjord eller sagflis, eller ei blanding av desse 3 stoffa. Til vanleg må ein opp i mot 50% av tilsetning av bindestoff. I dette tilfellet vil eg rå til at prøver vert sendt STUI for rådgjeving i kva ein kan gjere for å betre toppdekkjet. Om ein kan lage ein høgare sarg for å halde løpebanane på plass eller om ein må senke nivået, er ting ein må avgjere lokalt. I tilfelle ein vel den siste løysinga, vil kostnadene bli sær mykje høgare. Ein vil ikkje få tilskott til slikt arbeid.

Det er riktig at dette anlegget er nemnt som eitt av dei aktuelle som regionalt anlegg for fridrett på Søre Sunnmøre, ytre del. Ein ventar no på kva Sunnmøre Fridrettskrets meiner om dette og deretter om kven av dei aktuelle prioriterte stadene som er interessert i dette. Omlegging til kunststoffdekkje kostar 1 - 1,5 mill. kroner og ein kan få inntil kr 300.000,- i tilskott frå

tippemidler og har eit opplegg på tilsvarande tilskott frå fylkeskommunen v/tildeling av fylkeskulturstyret etter innstilling frå Idrettens egne rekkjer. Dette må ein kome nærare tilbake til ved eit seinare høve, mest truleg i løpet av eit halvt års tid.


Ingolf Mork
idrettskonsulent

Gjenpart: Møre og Romsdal Idrettskrets
Herøy kulturstyre.